

Nazistisk propaganda og demokratisk mentalitet.

Den nazistiske propaganda har hatt ein medveten tendens til å ta opp att påstander så ofte at folk som elles påstår seg å ha ein antinazistisk innstilling, vert påverka. Det den tyske propaganda har lagt hovudvekta på, for å innverka på sinnene, mentaliteten hos folk, - det ein kallar ideologisk innverkna - er ved å så frykt mellom dei folk den vil undertrykke.

Det menneskelege vesen er sterkt avhengig av den omgjevna det lever i og den tilstand som er i verda. Våre fedre som trudde at menneskja sin åndelege framgang var sikra for ubegrensa tid, ville aldri klart å halda ut den usikker tilværet vi nå må tole. Frykten har teke makta over heile generasjonar. Den er vorte universell og allmektig. Men denne frykten er ikkje kome av seg sjøl. Den er eit kunstig produkt. Den er vorte innprenta av folk som er altfor lite dugande til å regjere ved eigen dugna. Nazismens herrådømme skriv seg ikkje fra eiga kraft. Det er veikskapen hos dei andre som har tillete den å få makt og å halde på den. Nazismens propaganda har kultivera og forsterka frykten, som er sjølv grunnvollen for naziresjimet: Frykt for krigen, frykt for motstanden, frykt for bolsjevismen, frykt for kommunismen, frykt for å tale, tenke og handle som frie ansvarlege mennesker, frykt for å bruke den enkle menneskelege vetet. Ved avrettingar og terror, understøtter den tyske voldsmakta reint fysisk den frykt nazismens propaganda sår psykologisk.

Ved sida av frykten, sår nazismen mistillit til alle som kjemper mot den. Mistillit til dei prinsipp ein kjemper for, mistillit til dei allierte erklæringar om frie samfunnstyrer etter krigen, mistillit til demokratiet, til folkestyre som styreform for samfunnet i framtida. Påstanden om at nazismen er ei framstegsrørsle o.s.v. vert hamra inn dagstødt gjennom avisene.

Fell denne propagandaen alltid på steingrunn? Nei, lat oss vera ærlege. Den daglege lesna av avisené, er dagleg drypp for å så frykt, for å endre tenkemåten, mentaliteten hos det folket dei undertrykker. Dagleg drypp som fører til ideologisk påverkna, både på menigmann og dei som skal leie kampen. Folk seier nok at alt er løgn, propaganda, o.s.v., men noko set att, nok til at trua på demokratiet, folkestyret vert svekt, og tendensen til å sjå etter "noko godt" i nazismen kjem fram. Det at ikkje alt var som det burde vera for, vert til mistillit til dei demokratiske prinsippene i det politiske liv. Nazismen har fått ideologiske tilknytningspunkter i den demokratiske leiren.

Frykten for å tenke fritt, vert snart til autoritetstru. Vi vanlege folk skal ikkje tenke. Vi skal berre ha tiltru til dei som er over oss, til dei på toppen, på brua. Ser vi på denne tankegangen frå eit objektivt demokratisk syn, er det ikkje anna enn trua på autoriteten, føraren, dei leiande, som skal tenke for folket. Det er nazismens vesen som har slege rot der demokratiet er veikt. All slik autoritetstru kan ikkje føra til anna enn veikning av kampen mot nazismen og for demokratiet på det åndelege område. Det er ein åndeleg kapiulasjon overfor nazismen. Så snart autoriteten pokkar på sin autoritet, har den slått inn på ein antidemokratisk kurs. Eit demokratisk styre eig sin eigen styrke ved ein politikk som er bunnen til folket og dei demokratiske prinsippene. Eit slikt styre reddast ikkje for det frie ord, den frie tanke. Tvertimot. Eit slikt styre kan berre leve politisk dersom folkemeininga alltid når fram til dei styrande. Folket, folket sin tenkemåte og syn er alltid livsgjevande for dei leiande i eit demokrati. Den som misser kontakten med folket, misser fotefestet i det politiske demokratiet. Han blir autoritær i tenkemåte og byråkrat i handling.

Kva må vera møvekta mot den nazistiske påverkna på folkementaliteten i denne tida? Det må skapast ein konsekvent demokratisk tenkemåte, ein demokratisk propaganda, fri for autoritetsbunnen servilitet, eit demokratisk medvet i folket, som får all byråkratisme til å forsvinne saman med nazismen som den er i slekt med. Merkeleg nok er det

mange som trur at slik fri tenkning svekker disiplinen i demokratiets kamp. Dette inkonsekvente standpunktet, at vi i kampen mot den nazistiske voldsmentalitet må sette ein annan voldsmentalitet, at ein kadaverdisiplin må nedkjempast med ein annan, er ikkje anna enn ei frukt av nazismens vesen.

Lat her dei første av våre soldatar i heimefrontens kamp vera eit godt føredøme. Var det autoritetstru som dreiv desse frivillig ut i motstanden mot den nazistiske undertrykking? Var det autoriteten som kalla på dei? Nei og atter nei. Det var hatet mot all autoritetstru, mot undertrykking, lengten etter fridomen, fysisk og åndeleg, som var drivkrafta for desse. Korleis arbeide dei, desse første? Sporadisk, ja, ofte med lita erfaring på range måtar. Ei lita gruppe om ei maskin-skriven avis, ei gruppe her ei annan der. Med høgreste hovud vandra dei i fangsel, i konsentrasjonsleir, i døden. Det var idealene, plikt kjensla mot desse, som var deira autoritet. Dei fleste av varevorfør var slike folk. Det var ikkje taburetten, honcraret for illegal innsats dei stila etter. Dei var demokratiets verkelege soldatar. Dei åtte demokratisk initiativ i kampen mot fienden.

Mot slutten av krigen kom så dei i 11 te timen. Då kom karrieristen, den autoritetsbundne. Deira mentalitet er av ein annan støypning enn desse første. Mange av dei kjem med fem års tysk propaganda og passivitet som åndeleg ballast. Ikkje så at vi vil klandra dei som kjem seint med i kampen. Men fåren for at det mellom desse kjem med altfor mange strebarar, er stor. Derfor bør ein vera på vakt. Dessé har berre eit prinsipp: Eg, eg skal fram.

Denne krigen er kampen for demokratiet. Alle soldatar i denne striden, både i dei militære styrkane og i motstandsorganane elles, skulle vore oppdregne i truskap til dei demokratiske idealane. Desverre har det altfor ofte vist seg at det innan våre militære styrkar har kome fram ein antidemokratisk agitasjon. Kor ofte har vi ikkje møtt desse antidemokratiske brushovudene, spirrevippar som med handgranaten i neven vil regjere norsk politikk i framtida. Det demokratiske ansvaret ved utdanninga av våre nye militære kadrer i denne krigen, har vi sett lite til. Vi veit alle den skaden det var 9 april 1940 ved at storparten av våre høgre offiserar var antidemokratiske. Dei styrande burde lært av dette, slik at ikkje mistaket tok seg oppatt. Være soldatar både ved den militære fronten og elles, skulle i denne krigen vore gjennomsyra av ein demokratisk mentalitet. Då ville vi stå sterke i kampen mot fienden, og vinne både krigen og freden, og bevare oss sjøl som sunnt demokratiske folk. Den som motarbeider ei demokratisk utvikling i denne krigen skulle sjølsagt vore sett utafør kampen på like fot med dei andre lakeiane til fienden. Krigsmentaliteten har lett for å slå om i voldsromantikk som har mykje tilfelles med nazismen. Her ligg ein stor fare for framtida.

Når vi nå står framfor nye hendingar, også av militar art her på heimefronten, må vi aldri gløyme å innprente ungdommen, at kampen mot nazismen er kampen mot all krigsdevelskap, at hatet mot den nazistiske fiende, skal nærast av hatet mot all ufridom. Den sterkeste soldaten den som kjemper med full overtyding om at denne kampen med alle våre er kampen mot alle voldsvapen. Kampen mot ufridomen er kampen mot nazismens vesen, også dei merker den har sett ved fem års propaganda i vårt eige sinn. Få er klar over alt det svineriet nazismen har sådd denne tida. Få er klar over kor mykje som må ryddast ut av deira eige mentalitet, før dei kan seie at dei er frie for den nazistiske undertrykking.

Matspørsmålet og våronna.

Det vart både i haust, og seinare under fiske- og sildesesongen, gjeve ut parolar om å berge maten for folket. Ikkje berre ved å sikre seg og sin familie ved innkjøp, men også ved å legge tilside private eller bygdekriselager. Nå når våronna står for døra, må ein ikkje gløyme det same perspektivet som motstandsfronten for folket har drege opp. Det må i denne tida verta gjort alt for at våronna vert så